



## Notat

Dato: 26.02.2018  
Arkivsak: 2018/7973-1  
Saksbehandlar: jonsmor

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel		14.03.2018
Fylkesutvalet		11.04.2018

### Dekkeleggingsprogrammet for 2018

Fylkesrådmannen vil med dette orientere om dekkeleggingsprogrammet for 2018. Statens vegvesen har, i samsvar med Rammeavtale og Leveranseavtale, utarbeidd dekkeleggingsprogrammet ut frå faglege og objektive kriterium.

I budsjettet for 2018 er det satt av 39,2 mill.kr til dekkelegging og 11,3 mill. kr vegoppmerking. I vedlagt dekkeleggingsprogram per februar 2018 er strekningar som Statens vegvesen rekna med kjem innfor ramma på 39,2 mill. kr ført opp med svart skrift og utgjer omlag 43 km. I tillegg er det med raud skrift ført opp strekningar på omlag 20 km som er dei neste som står for tur.

Vedlagt notat frå Statens vegvesen viser at det er eit stort etterslep på dekketilstanden i Hordaland. Det er i underkant av 40% av dekket på fylkesvegane i Hordaland som har tilfredsstillande standard og berre eitt fylke har dårlegare standard. Grovt rekna trengst det omlag 800 mill. kr for å ta att etterslepet på fylkesvegdekke i Hordaland. Statistikk og samanheng mellom løyving, km ny asfalt og omløpstad er vist i notatet frå Statens vegvesen. Statens vegvesen skriv i notatet at med ei årleg løyving på 85-90 mill. kr vil ein kunne oppretthalde dagens standard.

#### Vedlegg

- 1 Dekkeleggingsprogrammet for 2018 - prioriteringsliste frå SVV
- 2 Dekkeleggingsprogrammet for 2018 - notat frå SVV